

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Bergen, 20. desember 2022

HØYRING – GRUNNRENTESKATT PÅ HAVBRUK

Finansdepartementet har sendt eit framlegg om grunnrenteskatt på havbruk på høyring, med svarfrist 4. januar 2022. Næringsalliansen Vestland vil med dette brevet peike på følgjande hovudinnspel til framlegget:

- Framlegget om grunnrenteskatt medfører eit heilt urimeleg høgt samla skattetrykk på havbruksnæringa, og det er eit trugsmål mot arbeidsplassar langs kysten.
- Framlegget øydelegg norsk konkurransevne ved å gi ei konkurranseutsett næring heilt andre skattesatsar enn i konkurrentland.
- Det ser ikkje ut til at ein har vurdert alvorlege konsekvensar for leverandørindustri og norsk foredlingsindustri.
- Prosessen øydelegg tilliten til stabile rammevilkår for næringslivet.
- Prosessen ber preg av å vere eit forsøk på å overføre ei skatteform frå utvinning og kraftproduksjon til biologiske prosessar og verdikjeder.

Primært meiner vi difor at framlegget, slik det ligg føre, bør avvisast og forkastast. Subsidiært meiner vi det er naudsynt med omfattande endringar:

- Innføringa bør utsetjast til ei grundig konsekvensutgreiing er gjennomført. Skattar bør ikkje bli innført før dei er utforma. Det bryt med grunnleggjande demokratiske spelereglar.
- Alternative modellar bør utgreiast. Vi viser i denne samanheng til høyringssvaret frå Sjømat Norge.
- Normprismodellen må ikkje gjerast gjeldande. Skattlegging må vere basert på reelt oppnådde prisar.
- Alle reelle kostnader må vere inkludert i frådrag.
- Der må gjerast ei reell vurdering av ein fornuftig skattesats. Det er ikkje gjort noko forsøk på grunnje skattesatsen i framlegget.
- Vi viser til innstillinga frå skatteutvalet, leia av Ragnar Torvik, som vart lagt fram 19. desember. Utvalet gjer framlegg om å fjerne eller redusere formuesskatten. Dette må etter vårt syn gjerast før ei ny skatt vert innført.

Store konsekvensar for kystnæringane ser ikkje ut til å vere vurdert

Framlegget inneber ei massiv overføring frå næringsliv, investering og jobbskaping langs kysten til staten. I praksis vert framtidig verdiskaping i Noreg monaleg redusert, ved at investeringskapital vert konfiskert og brukt til offentleg forbruk. Indirekte vert kapital overført til utanlandske selskap,

gjennom eit mindreforbruk i Statens pensjonsfond utland, som ein konsekvens av høgare innanlandske skatteinntekter. I Statens pensjonsfond utland ligg det avgrensingar som gjer at investeringar då i staden vil skje i utanlandske selskap.

Forslaget har ført til at 35 milliardar kroner i investeringar langs kysten er stogga. Det har óg ført til ei rekkje permitteringar. Kombinert med effekten av utbyteskatt og formuesskatt, gir framlegget sterke insentiv til utanlandsk eigarskap, og fordelar for utanlandske konkurrentar. Framlegget vil vri investeringar i bransjen frå Noreg til andre land, frå samfunnsøkonomisk lønnsame investeringar til mindre lønnsame investeringar.

Framlegget inneber at eigenkapital og grunnlag for sikkerheitsstilling for lån vert vesentleg redusert. Dette vil påverke investeringspotensialet negativt.

Framlegget gjer at jobbar forsvinn her og no og at framtidig verdi- og jobbskaping vert redusert. Ein har ikkje brydd seg med å utgreie reelle konsekvensar. I staden har ein teoretisk føresett at grunnrenteskatt er nøytral, for deretter å utforme ein skatt som slett ikkje er det.

Innføringa må difor utsetjast til ei grundig vurdering er gjort.

Normpris fungerer ikkje for produkt som ikkje er homogene

I høyringsframlegget er der tydeleg skildra at normpris skal vere identisk med NASDAQ-marginalpris. Dette framlegget tyder på ei manglande forståing for bransjen. Fisk vert seld i mange kvalitetar og fleire avtaletypar. Ein kan sjeldan realisere den høgaste noterte prisen til ei kvar tid. Vi registrerer at det er opna for nye tilnærmingar til denne problemstillinga. Vi vil understreke at en kan ikkje og bør ikkje skettlege andre inntekter enn dei som faktisk er oppnådd. Vi er kjend med at dette er ei problemstilling i grunnrenteskatten for vasskraft. Vi vil vise til regjeringa si eiga vurdering ved innføring av fastprisregimet og langtidskontraktar for industrien i kraftsektoren. Vi vil understreke at dette punktet avgjer om fleire verksemder i havbruk og i foredlingsindustrien har ei framtid eller ikkje. Det siste gjeld mellom anna effekten for «produksjonsfisk» som utelukkande inngår i innanlandske verdikjeder, og i dei tilfella der integrerte selskap har inngått kontraktar om levering av ferdigprodukt frå eige havbruk og eiga foredling. I det siste tilfellet er det ikkje mogleg å oppnå ein høgare pris, grunna leveringsplikter og prisavtale på sluttproduktet, basert på bedriftsintern levering av råstoff.

Normprisforslaget bør difor ikkje gjennomførast.

Alle reelle kostnadar bør gje grunnlag for frådrag

Argumentasjonen om kvifor ikkje betalt førehandsgrunnrenteskatt ved kjøp av vekst eller vederlag for kjøp av løyve skal vere inkludert i frådrag, verkar søkt. Når det vert argumentert for at minstefrådraget skal erstatte dette, vert det innført eit nytt prinsipp i skattesystemet: at frådrag for kostnadar skal tilfalle andre enn dei som har hatt kostnadane. Det må verte gitt frådrag for reelle kostnadar. Ein skatt som ikkje gjer det, kan heller ikkje seiast å vere nøytral.


Skattesatsen er ikkje konsekvensvurdert

Skattesatsen som er vald, ser ikkje ut til å ha noko anna grunngeving enn at den er identisk med ei tidlegare utgreiing om grunnrenteskatt for vasskraft (NOU 2019:16). Vi ser ingen samheng mellom skattesatsen og det påståtte føremålet; å skettlege superprofitt basert på fellesressursar. I så fall burde det vore ei skjerming som gjorde at skatten først vert gjeldande dersom superprofitt vert realisert.

Skattesatsen bør utgreiast nærare før innføring.

Prosesen øydelegg tillit

Prosesen kring dette skatteframlegget er øydeleggjande for tillit til rammevilkår for norsk næringsliv.



Det vert innført ein skatt før skatten er utforma og før høyringsperioden er ferdig. Det vert innført ein ny skatt etter at forslagsstillar har lova å ikkje innføre den, og etter at eit breitt politisk fleirtal slutta seg til ei anna løysing for kort tid sidan. Pressemeldingar og utspel om vesentlege endringar i modellen, men inga endring i høyringsframlegg eller høyringsbrev, gjer det vanskeleg å vite kva framlegg ein eigentleg gir høyrings svar på. Det er eit totalt fråvere av konsekvensutgreiingar for havbruk og leverandørindustri, et klart brot på eiga utgreiingsføresegn. Alt dette gjer at det ikkje vil vere tillit til at dei frådraga ein føreset faktisk vert tillatne i framtida. Dette vert understreka ved den samtidige endringa av spelereglane i grunnrenteskatt for vasskraft og oljeskattepakken. Der er ikkje lagt opp til nokon klageinstans for vurdering av ein lite relevant normpris.

Kopi av eit skattesystem utarbeidd for oljeutvinning og kraftproduksjon

Det kan verke som ein har kopiert system for grunnrenteskatt på oljeutvinning og kraftproduksjon. Vi vil påpeike at det er grunnleggjande skilnader mellom produksjon basert på biologiske prosessar og oljeutvinning og kraftproduksjon. For det første, er ein her i midten av ei verdikjede. I dei to andre tilfella, er ein i starten av ei verdikjede. For kraft er sluttproduktet fullstendig homogent. Det er ikkje tilfelle for biologisk produksjon, og gjer det umogleg å operere med ein normpris. For olje og gass, er talet på felt og kvalitetar avgrensa, og kvart felt har homogen kvalitet. For biologisk produksjon i 3000 lokalitetar, med variasjon av kvalitetar i kvar einaste merd, er normpris umogleg. Eit normprisråd vil få ei svært omfattande, om ikkje umogleg oppgåve. Dette er berre to døme på at det ikkje er mogleg å lage blåkopiar av skattesystem på denne måten.

Avsluttande kommentarar

Vi registrerer at næringa aksepterer å medverke med meir skatt, og å sørge for ein forventa proveny i overgangsperioden. Vi sluttar oss elles til uttalen frå Sjømat Norge. Vi føreset til sist at det her vil måtte bli oppretta eit havbruksskattekontor og ei normprisnemnd, på samme måte som for olje og gass. I så tilfelle vil vi alt no signalisere at eit slikt kontor og ei slik nemnd bør leggjast til Vestland og Bergen, ettersom det er frå selskap i dette området ein stor del av grunnrenteskatten skal betalast.

Beste helsing
Næringsalliansen Vestland



Espen Børhaug
918 45 600
espen@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.

